




LINDÅS KOMMUNE
RÅDMANNEN



Det Kongelige Kommunal og Regionaldepartement

Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Direkte tlf:	Arkivkode:	Dato:
	99/01557-79	Henrik Flatøy	56 37 51 32	20	31.01.2006

HØRINGSUTALELSE NOU 2005:18

Lindås kommune ønskjer ikkje at NOU 2005:18 vert vedteke då dette vil få alvorlege konsekvensar for tenestene i kommunen. Dette grunngjevast med at den økonomiske ramma vil verte redusert.

Lindås kommune er ikkje samd i mellom anna desse forholda:

1. I det ny inntektssystemet er kostnaden kommunane har med kommunale veger ikkje tatt omsyn til, fordi det ikkje representerer nasjonale velferdstenester i tilstrekkeleg grad. Lindås kommune er ikkje samd i dette fordi kommunale veger utgjør ein ikkje ubetydeleg kostnad for kommunane. Lindås kommune er av den oppfatninga at dette forholdet derfor må verte teke omsyn til i inntektssystemet.
2. Kostnadsnøkkelen til barnehagar tek ikkje omsyn til at det kan vere smådriftsulemper ved drift av mindre barnehagar i distriktet av kommunane. Det er ikkje drøfta tilstrekkeleg kva ein innlemming av barnehagetilskotet i kommunens rammeoverføring medfører.
3. Vertskommunar for tidlegare HVPU institusjonar kjem dårleg ut i den nye inntektsfordelinga, ettersom PU er tillagt mindre vekt. Dette kan visast med at dei utviklingshemma under 16 år ikkje vert tatt omsyn til ved utrekning av kostnadsnøklar. Lindås kommune meiner at dette er ein gruppe presonar som må reknast med ettersom det er ein gruppe som krev auka ressursbruk frå kommunen. Ordninga med at det særskilte tilskotet skal dekke dei auka utgiftene er ikkje tilstrekkeleg då ordninga medfører ein betydeleg eigenfinansiering frå kommunane.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Lindås rådhus, Knarvik	56 37 50 00	56 37 50 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

4. Lindås kommune er av den oppfatning at skjønnstilskotet som fylkesmannen fordeler burde vore trekt inn i det nye inntektssystemet. Det nye inntektssystemet må være så fullstendig at ikkje fylkesmannen treng fordele annleis i etterkant.

Med helsing



Henrik Flatøy
rådmann